



# Statens vegvesen

## Referat

**Dato:** 29.09.2023  
**Tid:** 1000 –1200  
**Referent:** Kjetil Sporsem

**Saksbehandler:** Kjetil Sporsem  
**Tlf. saksbeh.**  
**Vår dato:** 04.10.2023

## Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

<b>Møtenr:</b>	7-2023
<b>Stad:</b>	Teams
<b>Møteleiar:</b>	Tore Johan Øvstebø
<b>Til stades:</b>	<u>Styringsgruppe:</u> Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø, Vebjørn Krogsæter, Anders Riise, Ove Nesje, Kjetil Strand <u>Sekretariatet:</u> Jøran Mentzoni Eilertsen, Torbjørn Vatnehol, Øyvind Gangstad, Kjetil Sporsem. <u>Andre:</u> Roy Halseth, Andre Moltubakk, Ole Kristian Birkeland, Cathrine Helle-Tautra, Marit Krekvik, Christine Rørvik, Sol Berntsen Slinning, Toril Karlsnes, Pergunn Rødseth Gjerdsbakk, Sonja Helene Servan, Hilde Johanne Svendsen, Stig Helle-Tautra, Per Ove Stige (SMP)
<b>Forfall:</b>	Kristin Sørheim, Øyvind Tvedt
<b>Kopi til:</b>	Fyll inn

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
1	<u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa</u>  Tore Johan Øvstebø åpna møtet.	
2	<u>Orientering ved Vegamot</u>  Roy Halseth presenterte saka, med passerings- og inntektsstatistikk for Bypakke Ålesund per august 2023.  Vegamot kunne orientere styringsgruppa om at tala frå passeringsstatistikken i Bypakke Ålesund i stor grad tilsvarar andre	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>bypakker, med redusert trafikk om sommaren. Den reduserte sommartrafikken kompenseres delvis av utanlands-trafikk.</p> <p>Sidan sist har timesregel for køyretøy utan avtale samt månadstak for takstgruppe 2 blitt innført. Begge gjeldande frå 01. september. Konsekvensar innføringane medfører for bypakkas inntektsgrunnlag er førebels noko uavklart, men ein estimerer tapet kan strekke seg opp mot 6.5%.</p> <p>Ein observerer elles generelt fallande inntekter mot proposisjonen, skulda ulike fritak og auka frekvens av nullutsleppskøyretøy. Om lag halvparten av registrerte passeringar er i dag ikkje-betalbare. Elbilandelen er aukande. Opp 5% – frå 21 prosent hausten 2022 til 26 prosent sommaren 2023.</p> <p>Alt dette gjer at Vegamot forventar nedgang i inntektene dersom takstane ikkje aukast. Utan tiltak vil inntektene etter kvart falle under proposisjonen.</p> <p>Halseth orienterte for to moglege tilnærmingar til justering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Konsumprisjustering</li> <li>- Justering til proposisjonens gjennomsnittstakst (14,50 kr)</li> </ul> <p>Anbefalinga frå Vegamot er å gjennomføre lokalpolitisk behandling av konsumprisjustering av takstane i Bypakke Ålesund, og at ein samtidig ber om at Vegamot, evt. Vegamot og Styringsgruppa, gis fullmakt til framtidige konsumprisjusteringar av takstane utan ytterligare lokalpolitisk behandling, slik ein har gjort i til dømes Miljøpakken i Trondheim. Det sparar tid og ein unngår i større grad tap av inntekter mot prisvekst.</p> <p>Justering iht konsumprisindeks tilsvarar pt. 10.91%, og aukar skilttakst for takstgruppe 1 frå dagens 26 kr til 29 kr.</p> <p>Vegamot anbefaler elles å avvente ytterlegare justering i retning av gjennomsnittstakst til hausten 2024.</p> <p>Vegamot orienterte også om at det er gitt rom til å redusere rabatt for nullutsleppskøyretøy frå 50% til 30%. Ei slik endring må også behandlast lokalpolitisk og kan etter Vegamots anbefaling vurderast samtidig med KPI-justeringa.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Det kom opp spørsmål i styringsgruppa om ein burde ta stilling til signala frå nye Ålesund bystyre om ønska 3timers-regel, når ein no likevel igangsett lokalpolitisk behandling av KPI-justerte takstar. Styringsgruppa konkluderte etter anbefalingar frå SVV og Vegamot å halde desse prosessane avskilt. Eit ønske om innføring av 3timers-regel er ikkje ei sak i same kategori som Vegamots anbefalte konsumprisjustering, og noko som krever ein langt meir omfattande prosess med nytt stortingsvedtak.</p> <p>Styringsgruppa vart samde om at det er naturleg at saka takast opp først når styringsgruppa har fått konstituert seg på nytt ved årskifte.</p> <p><u>Vedtak</u> Styringsgruppa tek saka til orientering. Ein forventar at sekretariatet legg fram saka til vedtak snarast råd, i tråd med Vegamots anbefalingar og styringsgruppas konklusjonar. Sekretariatet forbereder vedtakssak for KPI-justering, fullmakt og rabatt for nullutsleppskøyretøy til neste møte.</p>	
3	<p><u>Status på kollektiv etter innføring av bom og opning av kollektivpunkt på Moa</u></p> <p>Toril Karlsnes (Fram) presenterte saka.</p> <p>Fram orienterte at det er utfordrande å følgje reisetalsutviklinga, bl.a grunna pandemi som gjer samanligningsgrunnlaget noko uklart.</p> <p>Frå januar 2021 har ein auka frekvensen på linje 1 og 2 og utvida rushtida. Det har òg vore føretatt justeringar av rutetraseane. Samla har ein no meir enn dobla antall avgangar for desse to linjane.</p> <p>Statistikken viser ei markant auke i bruk av kollektivtilbodet når ein samanliknar 2022 og 2023. At auka er størst i starten av samanlikningsperioda kan truleg tilskrивast fortsatt pandemi og restriksjonar.</p> <p>Kampanjeperioda Fram gjennomførte rett etter sommaren 2022 med gratis bussreiser ga fleire og i snitt kortare reiser. I tillegg ser det ut til at bomringen kan ha påverka reiselengda etter denne gratisperioda var avvikla.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Fram jobbar med å utarbeide nye sonekart, noko som vil resultere i ei kraftig reduksjon av antall soner i Møre og Romsdal. 550 soner vert redusert til 7. I Ålesund vert 40 soner erstatta av 1. Endringa vil medføre at det blir billigare å reise lengre turar. For dei som reiser kort blir det ei marginal auke i pris (3kr). Ein forventar at ny sonestrukturen vil gjere kundens bruk av kollektivtilboda enklare.</p> <p>Ny mobilitetsplattform er også på trappane, med mange nye funksjonar for enklare bruk av kollektivtilboda. Fram ønskjer å etablere ei bedriftsløysing i 2024.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa tek saka til orientering</p>	
4	<p><u>Trafikkutvikling i bypakkeområdet. Analyse per august 2023, bil og sykkel</u></p> <p>Andre Moltubakk (SVV) presenterte saka.</p> <p>Analysen som er gjort baserer seg på ein forholdsvis kort samanlikningsperiode. Både nasjonalt og lokalt har det vore målt trafikknedgang frå 2019, og ein er endå ikkje tilbake på eit nivå som før pandemien. Av den grunn er det ikkje gjort samanlikningar av trafikkdata etter innføring av bom i Ålesund med data frå 2019 eller tidlegare. Det har vore mest hensiktsmessig å samanlikne med trafikk mars–juli 2022.</p> <p>Analysen viser trafikkreduksjon blant bilistar på alle målepunkt i undersøkinga, med tilnærma likt mønster. Reduksjonen må sjåast i samanheng med generelle trendar i fylkesstatistikken.</p> <p>Statens vegvesen har elles tre registreringspunkt for syklistar i Ålesund. Sjølv om talla er små, er det observert ei auke i sykkelbruken fra 2022 til 2023.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa tek saka til orientering</p>	
5	<p><u>Tertialrapport T2</u></p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Kjetil Sporsem presenterte 2. tertialrapport. Rapporteringa etter 2. tertial viser at det ikkje er vesentlege avvik som må følgjast opp på porteføljenivå. Det er ikkje meldt om behov for auka sluttprognose for noko prosjekt. Samla sett er det ein liten reduksjon i årsprognosen for bypakka frå 1. tertialrapportering.</p> <p><u>Vedtak</u> Styringsgruppa tek Tertialrapport for 2. tertial 2023 til etterretning.</p>	
6	<p><u>Eventuelt</u> Ingen saker meldt.</p> <p><u>Vedtak</u></p>	